

## BYGDESONG FOR BJERKREIM

Av K.G.M.Bjerkreim.

Av mange hundre bygder i Noregs vide land  
eg veit ei bygd som kjærar' er enn andrø.  
Den bygdi hev meg trylla, eg aldri gløyma kan  
den stad der eg ikring som barn fekk vandre.  
Og bygdi heiter Bjerkreim, ho fager er som få  
med elvar, fjell og fossar og vatni djupe, blå -  
- og lyngen brun innover heievidder.

I Ørstdalsfjelli blåe som stig så høgt mot sky  
der finnest malmen dyr, det er ein røyndom.  
Sjå Vinjakulå reiser seg som ei dronning kry,  
og Gloppeurde hyser mang ein løyndom.  
Men Rabnaffjædlæ tér seg frå Svelaodden best.  
Bak lange leine åsar går soli ned i vest  
og hyller fjelli inn i hildreglansen.

på store vide sletter, i dal, på heimevang  
bur folki spreidde vidt ifrå sin granne.  
Her steller dei sin buskap, her høyrst bjølleklang,  
her saueflokkar størst du finn i landet.  
Det er vel store dagar når smalen skal til heis,  
småguten lenge stundar mot denne gilde reis  
som tidleg lokkar lengsel fram i hugen.

Ned gjennom tider tronge hev folki slite hardt  
og streva trutt og seigt for seg og sine.  
Det kunne stundom henda at åkeren låg svart,  
då barneauga møtte sorgsam mine.  
Men så det heile vende til gleda om frå sut  
og gilde hus vart reiste, og garden vida ut,  
og Herren la si signing rik til strevet.

Om me enn ut lyt draga frå heim og far og mor,  
me gløyma kan'kje bygdi vår den kjære.  
Ja, heilag er den staden som ingen her på jord.  
- Å, den som alltid kunne her få vera! -  
Som fedrane hev bede om signing over heim,  
no også me vil lova å gjera liksom deim,  
då Herrens fred vil kvila over bygdi.